

**Notat**

Dato: 23.10.2019

Saksnr: 2019/36-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Prosjektleder Vestland fylkeskommune

---

**Innspel til anleggsstrategi for Alver 2020 - 2024 Samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy**

Viser til motteke brev av 11.09.2019, med invitasjon til å kome med innspel til anleggsstrategi for Alver 2020-2024, samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy. Frist for innspel var sett til 25. september. Grunna kort frist vil følgjande innspel ikkje rekke politisk handsaming, men vil settast opp som meldingssak til nytt politisk hovudutval for kultur, idrett og integrering 12. november.

Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Strategien dannar grunnlag for prioriteringar av søknadar om spelemidler i åra 2020-2024, kontinuitet i utbygginga av idretts-, friluft- og nærmiljøanlegg, og samordnar tematiske føringar og tiltak i påvente av kommunal plan for idrett i Alver kommune.

Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, som ei samordning av idrettsplanane i dei tre kommunane som skal verte ein.

Prosjektgruppa har vore tverrfagleg og inkludert tett samarbeid med idretten via Fellesnemnda for Alver idrettsråd og ei større referansegruppe